

Til redaksjonen



# Pressemelding

7. september 2022

## Anne Iren Fagerbakke ny avdelingsdirektør i fylkeskommunen

**Anne Iren Fagerbakke tek over som ny direktør for mobilitet og kollektivtransport i Vestland fylkeskommune. Ho får med det ansvaret for eit svært viktig tenesteområde, der Vestland satsar offensivt på å ta i bruk klimavennleg teknologi og meir fleksible transportløyningar både i byar og distrikt.**

– Med Fagerbakke får vi ein leiar med solid kunnskap om fagområdet og stor forståing for behova til brukarane av tenestene. I tillegg har ho mange års erfaring med å jobbe i skjæringspunktet mellom administrasjon og politikk, som også er svært nyttig i stillinga, seier Rune Haugsdal, fylkesdirektør i Vestland fylkeskommune.

Han er trygg på at Fagerbakke vil halde hand om både oppgåvene til avdelinga og dei tilsette på ein svært god måte.

– Kollektivtransport og mobilitet er eit område som både politikarar og innbyggjarar har høg merksemd på og som er eit av dei viktigaste tenesteområda til fylkeskommunen. Med Anne Iren Fagerbakke får vi ein avdelingsdirektør som brenn for dette fagområdet og som har særst mykje erfaring i tillegg, seier Haugsdal.

### **Sivilingeniør og lang relevant cv**

Anne Iren Fagerbakke er i dag kommunaldirektør i byrådsavdeling for klima, miljø og byutvikling i Bergen kommune. Denne stillinga har ho hatt sidan 2013. Ho har også lang leiarerfaring frå mellom anna Hordaland fylkeskommune, der ho var samferdselsdirektør, og frå entreprenørbransjen. Fagerbakke er utdanna sivilingeniør frå NTNU. Av arbeidserfaring har ho ein omfattande cv innan fagområdet ho skal jobbe vidare med i fylkeskommunen.

– Eg gler meg til å vere med på å utvikle dette viktige fagområdet som spelar så stor rolle for innbyggjarane i heile fylket, og eg ser fram til godt samspel med både tilsette og folkevalde, seier Anne Iren Fagerbakke.

### **Viktig ansvarsområde**

Fagerbakke tek til i stillinga etter nærare avtale. Ho blir øvste leiar for avdeling for mobilitet og kollektiv, inkludert eininga Skyss. I tillegg til dei store kollektivoppgåvene knytt til bane, buss, båt og ferje har avdelinga ansvar for ulike løyve, TT-kort og skuleskyssordninga.

**Bilete til fri bruk på:** <https://vestlandfylke.no/nyheitsarkiv/2023/anne-iren-fagerbakke-ny-avdelingsdirektor-i-fylkeskommunen/>

**Kontaktperson:** Fylkesdirektør Rune Haugsdal, telefon 945 00 337